

# Årsmelding for Karmøy Senioruniversitet 2022



## 1. Styret har i år 2022 vore:

Kjell M. Flotve	leiar/sekretær
Martha Falnæs	nestleiar
Helge Rolf Naley	kasserar/kasserar
Dina Østhush Knutsen	styremedlem
Ragnhild Midbøe	styremedlem
Svein Helge Aamelfot	varamedlem
Kjellaug Fjelland	varamedlem

Varamedlemmene møter fast i styremøta.

Styret har hatt 5 styremøte og behandla 30 saker.

## 2. Medlemmer:

I 2021 hadde me 301 betalande medlemmer. 2022 var det 257. Nedgangen må sjåast i samanheng med pandemien.

## 3. Informasjon:

Ca 450 personar har registrert seg for å motta informasjon om møter etc. gjennom e-postmedlingar. Informasjon blir òg sendt ut til folk på kulturkontor, bibliotek, m.m.

Informasjon om Karmøy senioruniversitet finn ein og på Facebook, "Karmøy senioruniversitet". Her er det og muleg å kontakta oss og å kommentera det som skjer. Merk at facebook-sida er eit ope forum. På FB-sida kan våre møtedeltakrar kommentera og gje uttrykk for meiningar når det gjeld programinnhald eller anna. Etter kvart har dette blitt hovedkjelda til orientering utanom det som blir gitt i direkte informasjon til deltakarane.

1161 personar følger oss på FB.

#### **4. Møter i 2022:**

Januar: Seniordagen måtte avlysast pga pandemien  
Februar: Thor Otto Lone, om havvind sin plass i det grøne skiftet  
Mars: Karl Sjøen, i eventyrlend, ei reise i Kaukasus  
April: Sven Svebak, om humor og helse  
April: Elsa Aanensen og Halvor Lillesund, musikalsk møte med Edit Piaf (ekstra forestilling). Dette var ein kveldskonsert.  
Mai: Harald Stanghelle, om den politiske situasjon  
Juni: Tore Renberg og Aleksander Flotve, forfattaren og humoristen i ei musikalsk innramming  
September: Steinar Lea, om ein ny industrigigant, Beyonder, i Nord-Rogaland  
Oktober: Trond Aasland, om Hydro historie og aktør i lokalsamfunnet  
November: Aleksander Hauge, forteljing og sang om folk han møtte  
Desember: Karin Hovden Bauge, julekåseri og allsang

#### **5. Frammøte:**

I 2022 hadde me 9 arrangementer med pluss kveldskonserten, til saman 1220 deltakarar som gir eit gjennomsnitt på 122 personar pr. møte.

#### **6. Økonomi:**

Karmøy senioruniversitet har også i år drive godt økonomisk. Med årlege overskudd gjennom 10 år har me opparbeidd ein økonomi som gir oss anledning til å bruka kretene på å skapa eit variert og attraktivt årsprogram. Noko av årsaken til resultatet er ein stabil medlemsmasse, og ikkje minst, enkelte foredragshaldarar som nøyer seg med beskjedent honorar.

Me har til nå ikkje gått aktivt ut etter sponsorar, men får etter søknad støtte frå kommunen og Skudenesh & Aakra sparebank.

***Styret vil til slutt takka Solstein for god service og tilrettelegging av møta. Utan deira innsats for at me skal ha det bra, ville det vore mykje tyngre å driva Karmøy senioruniversitet.***

Karmøy senioruniversitet, den 25. januar 2023.

*Martha Falnæs Helge Rolf Naley Kjell Mangor Flotve Ragnhild Midbøe  
Dina Østhush Knutsen Svein Helge Aamelfot Kjellaug Fjelland*